

Årsmelding for Vestland SV 2021-22

Årsmelding frå fylkesstyret.

1) Fylkesårsmøtet 2021

Fylkesårsmøtet vart halde laurdag 13. og søndag 14. februar, og blei gjennomført digitalt på Zoom. Deler av møteadministrasjonen var på hotell i Bergen og deler av den var på hotell i Førde. Det var 93 utsendingar på møtet.

Det var 23 lokallag som møtte: Alver SV, Askvoll SV, Askøy SV, Austevoll SV, Austrheim SV, Bergen SV, Bjørnafjorden SV, Bremanger SV, Bømlo SV, Eidfjord SV, Gloppen SV, Høyanger SV, Kinn SV, Kvam SV, Kvinnherad SV, Sogndal SV, Solund SV, Stad SV, Stord SV, Sunnfjord SV, Sveio SV, Ullensvang SV, Vik SV og Øygarden SV.

2) Fylkesstyret

På fylkesårsmøtet vart desse valt til fylkesstyre:

Leiar: **Hege Lothe**, Gloppen (1 år)

Politisk nestleiar: **Torunn Olsnes**, Bergen (1 år)

Organisatorisk nestleiar: **Akhtar Chaudhry**, Bergen (1 år)

Økonomiansvarleg: **Audun Syltevik**, Bergen (1 år)

Distriktpolitisk ansvarleg: **Gaute Losnegård**, Askvoll (2 år)

Folkevald ansvarleg: **Anna Sofie Ekeland Valvatne**, Stord (1 år)

Fagleg ansvarleg: **Linda Karin Gangstøe**, Bergen (2 år)

Kvinnepolitisk ansvarleg: **Vibeke Johnsen**, Sogndal (2 år)

Miljøpolitisk ansvarleg: **Åsmund Berthelsen**, Sunnfjord (2 år)

Styremedlem: **Camilla Ahamath**, Bergen (1 år)

Styremedlem: **Bjørn Kåre Engseth**, Eidfjord (2 år)

Styremedlem: **Tone Mjelde**, Osterøy (2 år)

I tillegg har desse vore representert i fylkesstyret:

Representant frå Vestland SU: **Rasmus Berg Madsen**

Fylkestingsgruppeleiar: **Marthe Hammer**

Anna Sofie Ekeland Valvatne fekk permisjon av personlege årsaker frå 22. september og ut perioden. **Sara Bell** vart invitert inn som observatør i fylkesstyret frå 12. november og ut perioden.

Fylkesstyremøte: Fylkesstyret har hatt 9 møte gjennom året og handsama 62 saker. Møta har vore 15. mars, 4. mai, 28. mai, 21. september, 6. oktober, 12. november, 9. desember i 2021 og 13. januar og 3. februar 2022.

To av styremøta har vore fysiske frammmøte. Eitt i framkant av valkampsamlinga 29. mai på Flesland og eitt i framkant av folkevaldsamlinga på Voss 13. november. Dei andre møta har vore med nettløysinga Zoom.

Fylkesstyret har hatt ein god tone, og hatt både politiske og organisatoriske drøftingar. Hovudmøteforma er kortare digitale kveldsmøte, og det er eit klart ynskje å få til fleire fysiske møte. Vi ynskjer å få til meir møtetid saman, slik at ein får drøfta fleire av sakene grundigare.

Sidan det var stortingsvalkamp, var det spesielt viktig at dei to valkampgruppene i valkrinsane tok kommandoen. Vi sette opp to fylkesstyremøte-tidspunkt gjennom valkampen, som vi kunne bruke. Desse vart ikkje brukt.

Utvida fylkesstyremøte: Vedtektene opnar for utvida fylkesstyremøte der alle lokallaga vert inviterte inn i møtet med ein representant kvar. I året har det vorte invitert inn slik til to møte: 16. mars og 21. september. Hovudemne for fyrste møtet var førebuingar til landsmøtet. Vi drøfta og vedtok kva endringsframlegg Vestland SV skulle sende til arbeidsprogrammet som skulle vedtakast i landsmøtet. Møtet drøfta også kva saker fylkeslaget skulle gje ekstra merksemd fram i mot landsmøtet. Det andre møtet hadde den politiske situasjonen som hovudemne. Vi oppsummerte valkampen i dei to valkrinsane og drøfta den politiske situasjonen rundt sonderingar og moglege forhandlingar om regjeringssamarbeid. Fylkesstyret meiner dette er nyttige møte, og ynskjer å halde fram med denne arbeidsforma.

3) Arbeidsutvalet

Arbeidsutvalet er **Hege Lothe**, leiar, **Torunn Olsvik**, politisk nestleiar, **Akhtar Chaudhry**, organisatorisk nestleiar og **Audun Syltevik**, økonomiansvarleg. Det er berre leiar og dei to nestleiarane som har røysterett i arbeidsutvalet. Arbeidsutvalet har hatt 11 møte gjennom perioden der vi har førebudd fylkesstyremøte, arbeid vidare med saker og gjort vedtak på oppdrag frå fylkesstyret. Eitt av møta har vore på fylkeskontoret i Bergen. Dei andre har vore med nettløysinga Zoom. Gjennom valkampen var det valkampgruppene som hadde det operative ansvaret, og arbeidsutvalet hadde slik sett ikkje eigne møter.

4) Valnemnd

På fylkesårsmøtet vart det valt eiga valnemnd. Desse har vore:

Aud Kari Isane, leiar, Sogndal

Gina Barstad, Bergen

Eldrid Skudal, Sunnfjord

Einar Horvei, Voss

Usama Ismael, Bjørnafjorden

Tara Wiers Kvamme, Vestland SU

Leiar i valnemnda var med på deler av samlinga på Voss i november. Valnemnda har hatt digitale møte.

5) Revisorar

På fylkesårsmøtet vart **Jakob Andre Sandal**, Sunnfjord, og **Hege Bjørnør**, Bjørnafjorden, valt til revisorar. **Åge Rosnes**, Bergen, er vara.

6) Utvala

Arbeidsplanen legg opp til at fylkesstyret skal velje fleire utval som skal arbeide med ulike politiske saker. Det vart sendt ut ein eigen e-post til alle medlemmer, der alle hadde høve til å melde interesse. Nyval av fleire av utvala vart gjort veldig langt ut i arbeidsåret. Dette bør gjerast unna tidleg og fylkesstyret tar sjølvkritikk på det. Det vart ikkje arbeid med å få etablert eit skeivt utval eller eit internasjonalt utval. Dette er arbeidsoppgåver fylkesstyret bør ta med i det nye arbeidsåret.

Distriktpolitisk utval

Utvalet vart utpeika på fylkesstyremøte 28. mai 2021. Med i utvalet har vore følgjande: **Gaute**

Losnegård, leiar (Askvoll)

Elisabeth Croles (Kvinnherad)

Mari Svartveit Hansen (Ullensvang)

Geir Madsen (Kvam)

Björg Fritsvold (Vik)

Jon Valur Olafsson (Kinn)

Kai Øystein Søvde (Luster)

Bjørn Kåre Engseth (Eidfjord)

Året har vore prega av korona og dei restriksjonane som har følgt med. Utvalet har halde kontakt via epost. Ved innsetjinga av den nye regjeringa i haust sende utvalet inn ei fråsegn om distriktpolitiske krav. I haust blei det arbeidd for å få i stand eit nettmøte om distriktsvenleg skulepolitikk, men dette stranda på grunn av mangel på innleiarar. I slutten av januar var det invitert til eit nettmøte om kollektivtransport i distrikta, men dette måtte avlysast på grunn av sjukdom. Det har altså vore intensjonar om å få til meir enn det utvalet fekk til, og utvalet har trua på eit nytt arbeidsår.

Fagleg utval

Desse er med i utvalet:

Linda Gangstøe, leiar, Fagforbundet, Bergen
Steinar Nørstebø, Handel og Kontor, Bergen
Hege Bjørnør, Fagforbundet, Bjørnafjorden
Anders Haug Nossun, Fellesforbundet, Øygarden
Eskild Hustvedt, Fagforbundet, Bergen
Henrik Fjeldsbø, Industri Energi, Høyanger
Tone Otterlei, Fellesorganisasjonen, Sunnfjord
Jorge del Pino, Fagforbundet, Stord
Jørgen Mjelve, NTL, Bergen
Marianne Sæhle, NSF, Bergen

Det er 18 aktive knytt til utvalet. I perioden har det vore to fysiske møte i utvalet. Fagleg utval planlegg eit ope medlemsmøte om EØS og handlingsrommet innanfor EØS, og ein konferanse om arbeidsliv hausten 2022. Leiar i fagleg utval har delteke på to møte med Fellesforbundet i høve inngåing av samarbeidsavtale med Vestland SV hausten 2021.

Kvinnepolitisk utval

Utvalet vart nyopptnemnt i november 2021. Desse er med i utvalet:

Vibeke Johnsen, leiar, Sogndal
Jenny Kjosnes, Fjaler
Anna Nordlund, Alver
Anna Katrine Eltvik, Bergen
Eva Aarskog, Øygarden
Marita Solvang, Bremanger
Silje Hjelmeland Olsen, Kvinnherad

Det har ikkje vore møteaktivitet i Kvinnepolitisk utval i Vestland etter mars 2021, då vi oppsummerte fleire gode 8. mars-arrangement med SV eller SV-arar som arrangørar/medarrangørar i fylket. Det er planlagt eit møte i veke 6 for å planlegge 8. mars og starte opp aktiviteten i utvalet. **Eva Aarskog** deltek for Vestland SV i 8. mars-møta i Bergen. SV skal arrangere eit møte om omvendt valdsalarm der justispolitisk talsperson **Andreas Sjalg Unneland** skal delta.

Miljøpolitisk utval

Åsmund Berthelsen, leiar, Sunnfjord
Ingrid Rekkavik, Bergen
Kristin Skaar, Bergen
Hallvard Birkeland, Bergen
Jens Revold, Bergen
Arnfinn Gjerdåker, Voss
Ragnhild Freng Dale, Bergen / Sogndal
Soukaina Legdani, Bergen
Guttorm Østevold Fjose, Stord

Fylkesstyret valde miljøpolitisk utval etter at det hadde komme inn forslag og ynskje om å vere med i utvalet. Den endelege oppnemninga var ikkje klar før etter sommaren. Det vart ikkje valt leiar, og det har blitt arbeidd med å få ny leiar då **Ingrid Rekkavik** ikkje ynskde å vere leiar, då ho skulle vere på Svalbard i delar av 2021.

Det har ikkje lukkast å finne ein leiar, og **Åsmund Berthelsen** har fungert som miljøpolitisk ansvarleg. Utvalet har ikkje hatt møte, men hatt kontakt via e-post. Utvalet inviterte saman med det sentrale miljøpolitiske utvalet til webinar 19. januar 2022 om problemstillingar knytt til tilstanden i havet og forvaltninga av oppdrett, vindindustri og mineralutvinning. Fleire av medlemmene deltok – og både det sentrale og regionale utvalet vil følgje opp problemstillingane.

To av medlemmene er no med i det sentrale utvalet, **Åsmund** og **Ragnhild**. I tillegg er **Jarle Brattespe**, Bergen, leiar i det sentrale utvalet. Miljøpolitisk ansvarleg Åsmund har jobba og engasjert seg mest i arbeidet med mineralutvinning i Engebøfjellet i Sunnfjord kommune – og å hindre dumping av gruveavfall i Førdefjorden.

Antirasistisk utval

Medlemmene i utvalet vart valt av fylkesstyret og deretter konstituerte utvalet seg sjølv.

Akhtar Chaudhry, leder, (Bergen)

Camilla Ahamath, (Bergen)

Symphorien Pombe, (Øygarden)

Rafael Cobo Garrido (Askøy)

Elin Hege Lona (Osterøy / Bergen)

Abuljabbar Alammouri (Aurland)

Benedict Ernest Peter (Bergen)

Ikran Ahmed Khalif (Bergen) (fram til august 2022) (Bergen)

Kjersti Følling Slettemark, Bergen (f.o.m. august 2022)

Jonathan Johansen, Bergen (f.o.m. august 2022)

Rebecca Staurset, Bergen (f.o.m. august 2022)

Ahmad Isse Abdulhai, Bergen (f.o.m. august 2022)

Utvalet har hatt fire møte digitalt. Hovudaktivitetane i 2021 var retta mot veljarane i og med det var eit valår. Utvalsmedlemmene deltok i fleire valkamparrangement og bidrog til mobilisering i minoritetsmiljøa. To av medlemmene, **Camilla Ahamath** og **Symphorien Pombe**, var kandidatar til Stortinget og brukte mykje tid til aktivitetane som var retta i mot veljarane. Utvalet støtta valkampgruppa med idear og innspel til valkamputspel.

Utdanningspolitisk utval

Utvalet har vore slik samansett sidan 28. mai i 2021:

Fraksjon:

Åsmund Berthelsen, Sunnfjord

Jeffrey Meijer, Bergen

Torunn Olsnes, Bergen

Jonas Aleksander Foldnes, Øygarden (gjekk ut hausten 2021)

Emil Kvebæk Øvretveit, Øygarden

Utvalsmedlemer:

Hilde Iren Rivedal, Sunnfjord

Hege Lothe, Gloppen

Erlend Breidal, Bergen

Norvall Nøringset, Sunnfjord

Evelyn Monslaup, Austrheim

Eigil Hole Lønning, Bergen

Den eine delen av utvalet har vore ein fraksjon som har hatt møte i framkant av møta i hovudutval for opplæring og kompetanse. Fraksjonen har vore ei god støtte for **Åsmund Berthelsen** som er nestleiar i hovudutvalet. Medlemmene i utvalet har komme med viktige innspel til sentrale saker som endring av inntaksreglar, opplæringstilbodet med justering av klassar/tilbod og prioritering i budsjettet.

Alle i utdanningspolitisk utval er inviterte til fraksjonsmøta og utanom det har utvalet hatt to møte der fleire saker er drøfta. Det er utarbeidd notat etter møta, og dei fleste sakene må følgjast opp. Utvalet har planar om å arbeide vidare med framlegg til ny opplæringslov/friskulelov, styrking av barnehagelærarutdanninga, finansiering av barnehagane, medisinstudenter på Vestlandet, utvikling av nærskulemodellen og ei meir praktisk retta utdanning med lærekandidatordning/tilpassa opplæring.

Utvalet skal ta opp spørsmålet om dei som søker høgare utdanning bør få tilleggsponng for friviljug/ideelt arbeid ved opptak. Militærtjeneste og folkehøgskule gjev tilleggsponng. Andre land har ei ordning med dette. Utvalet vil ta dette opp med SV sin medlem i utdanningskomiteen på Stortinget, **Freddy A. Øvstegård**.

7) Funkisnettverk

Mari Svartveit Hansen tok i vår kontakt med arbeidsutvalet fordi ho og fleire ville skipe eit funkisnettverk i Vestland SV – et utval som skulle jobbe med saksfeltet for personar med nedsett funksjonsevne. Arbeidsutvalet sa ja og *Funkisnettverket i Vestland SV* skal vere ein del av SV sitt landsdekkande funkisnettverk. Nettverket arbeider med aktuelle og lokale saker som gjeld funkispolitikk i Vestland. Dei held kontakt med Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne og brukarorganisasjonane SAFO og FFO.

8) Tilsette

Frøydis Olaussen er fylkessekretær for Vestland SV i full stilling. Ho er sekretær for fylkesstyret og arbeidsutvalet, og har stort sett å gjere med alt fylkeslaget arbeider med. Det tyder at ho følgjer opp alle dei organisatoriske tiltaka i fylkeslaget knytt til arrangement og valkamp, og gjer mykje arbeid knytt direkte til lokallaga. Etter ei omlegging utfører ho no økonomiarbeidet saman med økonomiansvarleg i styret. Ho følgjer også arbeidet i fylkestinget tett, og deltek som sekretær i forhandlingar med dei andre partia i posisjonen, på mange av møta i fylkesutvalet, og i fylkestinget. Under førebuinga av, og under sjølve valkampen, gjorde Frøydis ein enorm innsats for valkampapparatet vårt.

Morten Heszlein-Lossius er distriktssekretær fordelt mellom Møre og Romsdal SV og Vestland SV. Han har i perioden hatt 50 % permisjon for å vere nestleiar i Palestinakomiteen. Han arbeidde 40 % for Møre og Romsdal SV og 10 % for Vestland SV. Denne arbeidstida tok vi ut i den hektiske delen av valkampen og vi hadde han i 60 % i seks veker. Han har no sagt opp stillinga si, og Vestland SV takkar han for veldig godt arbeid gjennom mange år.

Olav Vlam vart tilsett på halv tid frå april/mai, og frå sommaren på fulltid ut valkampen. Han arbeidde på fylkeskontoret og var innhaldsprodusent. Det vil seie at han tok bilete, laga og teksta filmar, og laga grafisk design til sosiale medium gjennom valkampen. Etter valkampen held han fram i ei stilling i 40 %, der 20 % er finansiert av fylkestingsgruppa og resten av bystyregruppa i Bergen.

9) Fylkeskontoret

Fylkeskontoret til Vestland SV er i St. Jakobs plass 9 i Bergen sentrum. Det er fast kontorstad for Morten Heszlein-Lossius og Frøydis Olaussen. Gruppeleiar Marthe Hammer brukar også dette kontoret, når ho ikkje sit på kontoret knytt til fylkeskommunen. På slutten av 2020 og på nyåret i 2021 flytta vi frå 7. etasje til 1. etasje. Vi deler kontor med Bergen SV, Bergen SU og Vestland SU. Frå 2021 betalar Møre og Romsdal SV ein fast sum for kontorlokale kvart år, sidan også dei har

nytte av desse lokala. Dei nye lokala er større og det er dermed noko høgare husleige. Lokala har langt betre tilgang for personer i rullestol eller med barnevogn. For alle medlemmer som er i Bergen og ynskjer å sjå innom SV-kontoret, er dette langt meir tilgjengelege kontorlokale enn tidlegare.

10) Landsstyret

Perioden har hatt færre landsstyremøte digitalt, og dei som har vore digitale har vore meir hastig innkalla møte knytt til valkampen og sonderingar i høve regjeringsforhandlingane.

Utsendingane frå Vestland SV søkjer å vere aktive i landsstyremøta, og samsnakkar med andre fylkeslag på førehand. Ved nokre høve får vi til å drøfte sakene på førehand i fylkesstyret og utvida fylkesstyre, og det er eit veldig gode for det politiske arbeidet.

Landstyrerepresentantar frå Vestland:

Torunn Olsnes, Bergen

Hege Lothe, Gloppen

1. vara **Akhtar Chaudhry**, Bergen
2. vara: **Åsmund Berthelsen**, Sunnfjord
3. vara: **Vibeke Johnsen**, Sogndal
4. vara: **Tone Mjelde**, Osterøy

Anna Sofie Valvatne Ekeland var valde inn som 2. vara, men fekk permisjon frå vervet.

11) Landsmøtet

Årets landsmøte vart eit digitalt landsmøte. Det digitale landsmøtet blei sendt frå Hamar, medan resten av landsmøteutsendingane var spreidd utover landet. Vestland SV valde, innanfor dei strenge smittevernreglane som var, å samle ein del av utsendingane i Bergen og i Sogndal. Dei andre måtte sitje kvar for seg.

Marthe Hammar sat i den nemnda som laga framlegg til stortingsvalprogram og **Hege Lothe** sat i den førebuande valnemnda.

Sara Bell vart valde inn i landsmøtekomiteen for arbeidsprogrammet og **Hege Lothe** vart vald som leiar for landsmøtevalnemnda. Sidan ho var leiar for nemnda møtte ho på Hamar, og **Torunn Olsnes** var difor delegasjonsleiar for Vestland SV.

Desse møtte for Vestland SV på landsmøte:

Gaute Losnegård

Sara Bell

Hilde Maria Boberg Andresen

Eira Vilde Martinsen Garrido

Jarle Brattespe

Torunn Olsnes

Marthe Hammer

Vibeke Johnsen

Hans Christian Andersen Knudsen

Jorge Del Pino

Mari Svartveit Hansen

Kjartan Haugsnes

Jonas Aleksander Foldnes

Hege Lothe

Camilla Ahamath

Øyvind Tønnessen (1. vara)

12) Anna representasjon i denne perioden

Vestland SV er representert i både den sentrale leiinga i partiet og sentrale utval.

Audun Lysbakken er partileiar

Gina Barstad er sentralstyremedlem

Jarle Brattespe er miljøpolitisk leiar

Camilla Ahamath er inkluderingspolitisk leiar

Vibeke Johnsen er medlem i Kvinnepolitisk utval

Heidi Wittrup Djup er medlem av Inkluderingspolitisk utval

Rebecca Staurseth er medlem av Inkluderingspolitisk utval

Silje Oscar er medlem av Inkluderingspolitisk utval

Mary-Anne Karlsen er medlem av Inkluderingspolitisk utval

Sara Bell er medlem i Fagleg utval

Marianne Sæhle er medlem i Fagleg utval

Steinar Nørstebø er medlem i Fagleg utval

Ragnhild Freng Dale er medlem av Miljøpolitisk utval

Åsmund Berthelsen er medlem av Miljøpolitisk utval

Rafael Cobo er medlem av Internasjonalt utval

Agathe B. Waage er nestleiar i Sosialistisk Ungdom

Hans Christian Andersen-Knutsen er sentralstyremedlem i SU

Eirin Miljeteig Helgesen er sentralstyremedlem i SU

13) Førebuingane til valkampen og felles valkampgruppe

Ei arbeidsgruppe hadde hausten 2020 laga ei dreiebok for valkampane i begge

stortingsvalkrinsane. Det låg fleire tilrådingar frå dette arbeidet. Den viktigaste avgjerda var at vi skulle ha ei valkampgruppe for dei to valkrinsane gjennom heile våren og fram til august. Frå då av skulle vi dele arbeidet i to grupper som utførte den operative valkampen i kvar sin krins.

Av respekt for nominasjonsmøtet i Hordaland som først blei halde i februar 2021, medan Sogn og Fjordane hadde klar sin nominasjon i november 2020, hadde ikkje fylkesstyret og arbeidsutvalet laga klart eit møteopplegg for valkampgruppa i etterkant av årsmøtehelga. Det skulle ha vore klart med ein gong.

Det vart ganske kjapt klart at valkampgruppe-medlemmene frå Hordaland ønskte å dele valkampgruppa så snart som råd. Dette vart gjort etter at ein var blitt samde om ei fordeling av valkampbudsjettpengane. Det siste felles valkampgruppemøtet blei halde april 2021. Etter dette dreiv valkrinsane kvar sine separate valkampar. Fylkessekretær Frøydis Olaussen og gruppeleiar på fylkestinget, Marthe Hammer, følgde møta i begge valkampgruppene.

14) Valkamp for SV i Hordaland

Valresultatet i Hordaland vart 8,9 %. Dette var eit sterkt resultat. Hordaland var prosentvis fjerde beste valkrins for SV, etter Oslo, Troms og Sør-Trøndelag, og ein av fire valkrinsar som drog opp landssnittet. Framgangen var på 1,9 %, og det var tredje beste prosentframgang. Berre Oslo og Møre og Romsdal hadde høgare framgang.

Det er det beste valresultatet der Hordaland har vore med og dra landsnittet opp. Seks kommunar i Hordaland hadde resultat over landssnittet: Askøy, Bergen, Tysnes, Ulvik, Vaksdal og Voss. Målet var 10 % og to på tinget. Det greidde vi ikkje, men det er likevel eit veldig sterkt resultat.

Stortingslista for Hordaland vart vedteken på nominasjonsmøte 14. februar 2021: **1. Audun Lysbakken. 2. Sara Bell, 3. Camilla Ahamath, 4. Symphorien Pombe og 5. Anna Sofie Ekeland Valvatne.** I same møtet vart det også vedteke ti valløfte til veljarane.

Etter nominasjonsmøtet vart det først sett i gang ei felles valkampgruppe og deretter ei eiga valkampgruppe for Hordaland. Valkampgruppa for Hordaland vart sjåande slik ut:

Sara Bell, Camilla Ahamath, Mikkel Grüner, Marthe Hammer, Anna Sofie Valvatne, Audun Syltevik, Steinar Nørstebø, Gabriel Steinsbekk, Frøydis Olaussen, Hilde Boberg Andresen, Audun Lysbakken, SU, Olav Vlam, Asle Olsen, Ayla Tessem, Tone Mjelde, Morten Heszlein og August Moen Opsahl.

Heile valkampgruppa burde ha vore valde rett etter nominasjonsmøtet i februar. Dermed kunne ein fått ein ryddigare valkampstart og avklart rollefordeling for alle tidlegare. Budsjett for valkampen burde også ha vore klart tidlegare.

Mange tilsette bidrog i valkampen – både **Frøydis Olaussen**, fylkessekretær, **Gabriel Steinsbekk**, gruppesekretær i bystyret i Bergen, **Olav Vlam**, innhaldsprodusent, **Morten Heszlein-Lossius**, distriktsekretær som arbeidde 60 % i valkampen, og **Augusta Moen Opsahl**, som hadde ei mindre stilling, men som heldigvis fekk 100 % i valkampen.

Det vart laga tre flygeblad. Hovudflygebladet vart trykt i 100 000 på bokmål og 65 000 på nynorsk. Det vart for få nynorskflygeblad. Alle lokallaga fekk bestille det dei ønskte, og fleire lokallag auka bestillinga etter sommarferien. I tillegg kunne valkampgruppa tildelt fleire av lokallaga «utdelingsoppdrag». Dette gjeld også Bergen.

Det vart arbeidd godt med media. Det vart arbeidd fram mange idear og opplegg, og av desse var det mange som vi fekk på både i Bergensmedia og lokalavisene rundt om i valkrinsen. Særleg med **Audun Lysbakken** fekk ein på mykje, men også **Sara Bell** fekk på mange saker der ho synt seg fram.

Det vart brukt mykje pengar i valkampen. Det har aldri før blitt brukt så mykje pengar i ein Hordaland-valkamp. Dei store pengane gjekk til tilsette og til frikjøp av kandidatar. I tillegg vart det brukt pengar på materiell, annonsering både i sosiale medium og aviser og noko på reise og arrangement.

Det var god stemning gjennom valkampen. Det var mykje arbeidslyst og mange frivillige gjorde ein imponerande innsats. Valresultatet i Bergen er sterkt, og SV løfta seg i nokre av nabokommunane. Vi må drøfte vidare korleis vi skal greie å løfte oss i resten av Hordaland.

15) Valkamp for SV i Sogn og Fjordane

Resultatet vart 5,9 %. Sogn og Fjordane er ikkje nokon sterk SV-valkrins. I 2017 var det fem fylke som hadde svakare valresultat enn oss, i år var det seks valkrinsar. Det var opp 1,4 % frå 2017. I prosentframgang var det den sjuande beste valkrinsen. Det er ein liten framgang i samanlikning med 2017, då framgangen var 1,1 % og det berre var to fylke som hadde dårlegare framgang enn Sogn og Fjordane. Beste kommune var Sogndal med 8,8 %, følgd av Sunnfjord med 7,6 % og Gloppen med 6,4 %. Høyanger var den kommunen som gjekk mest fram.

Valkampgruppa bestod av **Hege Lothe, Vibeke Johnsen, Hans Christian Andersen-Knudsen, Magne Aardal, Silje Synnøve Høgelid, Bente Nilssen, Marthe Hammer, Frøydis Olaussen** og **Tea Volle** frå SU. **Marthe Hammer** tilbydde seg å bidra i valkampgruppa og ho gjorde ein veldig god innsats i valkampen.

Denne gongen valde vi å leggje alle «tilsettepengane» i Sogn og Fjordane i frikjøp av fyrstekandidaten. Fylkessekretær gjorde ein del jobb for valkrinsen, men avtala mellom ho og fylkesleiar var at ho skulle bruke mest mogleg tid på organiseringa i Hordaland valkrins, spesielt i den heitaste delen av valkampen. Fylkeskontoret har kome med veldig raske og gode svar når det har blitt spurt etter hjelp.

Vi laga eitt flygeblad på 8 sider. Inntrykket er at det vart godt motteke. Neste gong bør vi tinge langt fleire flygeblad. Opplaget var 37 000 eks. Vi tinga om lag 10 000 meir enn det lokallaga våre

tinga, men det blei likevel for lite. Dessutan bør vi ha langt fleire plakatar slik at alle får henge opp det dei ønskjer.

Dette er fyrste stortingsvalkampen der vi ikkje har distribusjon via posten. Det var god vilje til å dele ut materiell. Det gjekk overraskande greitt unna i dei kommunane der vi hadde lokallag.

Vi hadde gode rammer for økonomien i denne valkampen, med eit lenger frikjøp av fyrstekandidat, pengar til reise, flygeblad, annonsering og tilskipingar. Det var også slik at laga fekk støtte frå organisasjonsfondet til tilskipingar.

Både mediarbeidet og sosiale medium-arbeidet var langt meir omfattande enn før. Vi fekk også utteljing for mange utspel, og vi fekk mange innlegg med bilete på trykk i avisene. Det var langt frå alle opplegg og idear vi fekk utteljing for, men alt i alt var det meir presse enn siste valkampane.

Sidan **Hege Lothe** fekk frikjøp frå mai, fekk vi gjort nokre valkampopplegg allereie i mai og juni, ho fekk vere ei veke på Stortinget og frå 2. august var det full valkamp fram til valdagen 13. september. Dermed vart dette den lengste valkampen vi har gjennomført. Vanlegvis brukar valkampen i Sogn og Fjordane å vare frå om lag 17.-18. august og til valdagen.

Årets skulevalkamp var lagt opp av Vestland fylke, og sjølve debatt-dagsopplegget var langt dårlegare lagt opp enn tidlegare. SU stilte med lokale debattantar på alle skulane, og Hege organiserte deler av valkampopplegget med overnatting og transport. Deler av opplegget ordna SU sjølve. SU hadde eit lite følgjeteam på alle skulane, og inntrykket er at det fungerte godt.

Det var positiv stemning gjennom valkampen og mange lokallag bidrog verkeleg med innsats og arbeidslyst.

16) Samlingar og seminar

Valkampsamling 29. mai på Flesland

Dette var valkampsamling både for kandidatane og lokallaga. Det var gjennomgang av politiske saker, valkampstrategi og det organisatoriske løftet med å drive valkamp for lokallaga. Dette var ei felles valkampsamling for begge valkrinsane og det blei halde fysisk på Flesland. Forutan dei frammøte deltok mange digitalt heimanfrå.

Valkampsamling 21. juni på Skei

Dette var valkampsamling for aktivistar, kandidatar og lokallag i valkrins Sogn og Fjordane. Det var ei ettermiddag-kveldsøkt der vi fyrst og fremst gjekk gjennom dei viktigaste politiske valkampsakene for SV i Sogn og Fjordane.

Folkevald- og lokallagssamling 13. og 14. november på Voss

Dette var ei fysisk samling. Mange melde avbod same dag som tilskipinga starta, fordi dei hadde blitt sjuke. Det vart likevel ei vellukka samling med mange politiske innleiingar av våre eigne, og der vi tok for oss fleire aktuelle saker i Vestland SV no og framover. Nyvald stortingsrepresentant **Ingrid Fiskaa** kom laurdag kveld og heldt to innlegg for oss søndag føremiddag.

17) Regionmøte

I dette arbeidsåret har det vore fleire regionmøte for Sogn og Fjordane. Det var møte både 13. februar (i etterkant av fylkesårsmøtet), 11. mars og 7. april. Alle møta var digitale og hadde dei ti valløfta som hovudemne, i tillegg til drøftingar og førebuingar knytt til valkampen. Vi hadde også ei fysisk valkampsamling på Skei 21. juni (sjå ovanfor).

18) Medlemstal

Vestland SV hadde 2206 betalande medlemmer i 2021. Vi fekk 339 nye medlemmer og vi har hatt ein

vekst på 185 medlemmer. Det er 18 lokallag med under 30 medlemmer, mens 12 lag har mellom 30 og 89 medlemmer. Bergen SV har utrulege 1216 medlemmer!

19) Lokallaga

Vestland fylke har 43 kommunar. Vestland SV har 31 lokallag fordelt på 31 kommunar. Av desse lokallaga er det 29 som har representasjon i kommunestyret. Vestland SV er oppteken av å halde tett kontakt med lokallaga. Alle medlemmane i fylkesstyret er fadder for eitt til tre lokallag alt etter storleiken på laget. Med jamne mellomrom er det telefonkontakt med lokallagsleiarane for å søkje informasjon om stoda i laget, og høyre om aktuelle saker lokalt. Lokallagslista med fadradr såg ved årsskiftet slik ut:

Hege Lothe: Stad SV og Bergen SV

Akhtar Chaudry: Øygarden SV, Ullensvang SV og Kvam SV

Torunn Olsnes: Voss SV, Alver SV

Audun Syltevik: Vaksdal SV og Sunnfjord SV

Linda Karin Gangstøe: Austevoll SV og Osterøy SV

Vibeke Johnsen: (Aurland SV) og Vik SV

Bjørn Kåre Engseth: Sogndal SV og Askøy SV

Åsmund Berthelsen: Stord SV og Sveio SV

Gaute Losnegård: Solund SV, Fjaler SV, Lærdal SV

Tone Mjelde: Gloppen SV, Ulvik SV og Eidfjord SV

Marthe Hammer: Kinn SV, Stryn SV, Austrheim SV, Bremanger SV

Camilla Ahamath: Bjørnafjorden SV, Høyanger SV

Anna Sofie Ekeland Valvatne: Bømlo SV, Kvinnherad SV og Askvoll SV

(desse tre laga fekk ved ein inkurie ikkje ny fadder då Anna Sofie fekk permisjon)

Vi har framleis ikkje heilt sving på fadderordninga vår, men det er eit viktig arbeid å halde kontakt mellom lokallag og fylkeslag. Vi har hatt to utvida fylkesstyremøte med ganske godt oppmøte. Det er stor spennvidde i kva type lokallag Vestland SV har. Det største lokallaget har nær halvparten av medlemmene i fylkeslaget, medan dei minste lokallaga har to–tre medlemmer. Fylkesstyret meiner det er viktig å halde fram arbeidet med å styrke lokallaga. Koronasituasjonen har gjeve lokallaga utfordringar med å halde møte og tilskipingar. Likevel opplever fleire lag stabile medlemstal og nokre få medlemsvekst. Bergen SV peikar seg ut med veldig positiv vekst. Dette viser at lokalt arbeid, der vi møter folk på heimebane, er avgjerande for partiet.

20) Nytt lokallag

I perioden har vi fått eitt nytt lokallag. Det nye lokallaget er Tysnes SV. Laget vart skipa våren 2021. Det deltok aktivt i valkampen og var representert på folkevald- og lokallagssamlinga på Voss. Leiar for laget er **Gjermund Lygre Kongsvik**. Ei av hovudsakene for laget er motstand mot å byggje Hordfast. Laget har fått 14 medlemmer.

21) Folkevalde

SV er representert i 29 kommunestyre i Vestland fylke. Vi har 58 folkevalde i kommunestyre og bystyre, og 4 folkevalde på fylkestinget. Tre av desse er heiltidsfolkevalde: **Marthe Hammer** i Vestland fylkesting, og **Mikkel Grüner** og **Diane Berbain** i Bergen bystyre. Tre er varaordførarar: **Vibeke Johnsen** i Sogndal, **Jan Olav Fretland** i Lærdal og **Kjartan Haugsnes** i Vaksdal. Av minoritetsbakgrunn er desse representert: **Symphorien Pombe** (både i kommunestyret i Øygarden og fylkestinget) **Camilla Ahamath** og **Eira Garrido** (bystyret i Bergen) og **Rafael Cobo Garrido** (kommunestyret i Askøy). Arbeidsplanen pålegg fylkesstyret å følgje opp dei folkevalde gjennom året. Dette året blei det ikkje halde eigne digitale møte for dei folkevalde, men vi fekk til ei samling på Voss i november som vart godt motteken. Det er 33 kvinner og 29 menn som er folkevalde i Vestland SV.

22) Fanemarkeringar i høve streik og andre markeringar

Vestland SV prøver vere til stades og syne støtte når det er arbeidskonflikt. Gjennom året har vi vore med på fanemarkeringar knytt til fleire streikar:

FO og Fagforbundet: 25. januar

Fagforbundet-tilsette ved Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter i Fjaler: 28. mai

Tilsette i kultursektoren ved Grieghallen: 24. september

Andre markeringar:

Vestland SV har delteke på markering knytt til Bybanetraseen i Bergen, og mot Hordfast i oktober. Det var fleire markeringar i valkampen.

23) Pressearbeid gjennom året

Etter fylkesårsmøtet i februar 2021 var fylkesleiar ute med eiga pressemelding og radiointervju på NRK Vestland. Fram til valkampen var over, var det fyrst og fremst viktig å markere stortingskandidatane i kvar valkrins med presseutspel. Seinare på hausten blei det gjort nokre presseutspel med fylkesleiar knytt til at SV var med å sikre Holvikejekta på fylkestinget og innføring av takstzone-system i Sogn og Fjordane. Gruppeleiar på fylkestinget, **Marthe Hammer**, har profilert SV på ein veldig gode måte. Heile fylkestingsgruppa er med og tek ansvar for presseutspel.

24) Sosiale media

Facebook: Vestland SV har ei Facebook-side med 3 408 følgjarar – opp med 350 sidan førre årsmelding. Det er fyrst og fremst fylkessekretær som oppdaterer og legg ut saker på nettsida. Den vert oppdatert med aktuelle saker her på Vestlandet, men også nasjonale saker i tillegg til opplegg frå sentralt.

Sidan vi ikkje lenger har eiga Hordalands-side eller Sogn og Fjordane-side, måtte vi tenkje annleis i stortingsvalkampen. Difor hadde Sogn og Fjordane ei **Hege Lothe til Stortinget**-side som hadde 1534 følgjarar. Vi må sjølvsagt dele **Audun Lysbakken** med heile Noreg, det vil seie 55 539 følgjarar. **Sara Bell** laga ei side som heiter (ikkje uventa) **Sara Bell** med 1768 følgjarar. Denne sida held ho fram å oppdatere som 1. vara for SV i Hordaland valkrins. I valkampen var desse sidene svært viktige sidan vi kunne betale for at veldig mange fleire får sjå innlegg vi legg ut. Det er ikkje mogleg frå private kontoar.

Instagram: Vestland SV har ein instagram-konto på 631 følgjarar – opp med 175 sidan førre årsmelding. Det er fyrst og fremst fylkessekretær som oppdaterer denne kontoen. Her fortel vi om aktuelle hendingar, og det blir lagt ut bilete frå fylkestinget og fylkestingsmedlemmene, og delemateriale som vi får frå sentralt. I valkampen vart det ikkje sett opp egne Instagram-kontoar – kandidatane brukte då sine egne kontoar.

Sosiale medium er ein viktig kommunikasjonskanal ut til veljarar, presse, medlemmer og motstandarar. Vi møter både våre egne, folk som kan bli samde med oss og meiningsmotstandarar der. Bilete, filmar og saker på sosiale media er viktig for å skape både samkjensle og kveik i eigen organisasjon, og få ut kunnskap og argument for våre saker.

Sidan vi tilsette **Olav Vlam** som innhaldsprodusent fekk vi laga veldig mange fleire videoar, som alle vart teksta. Han tok veldig gode bilete, og han laga veldig mange gode debilete for oss. Dette var veldig viktig i valkampen i begge valkrinsane. Han held fram i ein mindre stilling, og det er viktig for arbeidet med sosiale medium.

25) Fylkespolitikken og samarbeid med fylkestingsgruppe

Fylkestingsgruppa lagar sin eigen rapport for sitt arbeid, og den gjev ei grundig analyse av dei viktigaste sakene dei har arbeidd med og kva slags politisk handlingsrom dei har. Gruppeleiar på fylkestinget, **Marthe Hammer**, er medlem i fylkesstyret og deltek i alle møta. Ho har ein fast post

der ho informerer fylkesstyret om dei viktigaste og mest aktuelle sakene. Fleire frå fylkestingsgruppa deltok elles aktivt på folkevald- og lokallagssamlinga på Voss. **Åsmund Berthelsen** er nestleiar i opplæringsutvalet, og måtte trå til som fungerande leiar ein periode, noko han kom godt ut av. Alle dei fire fylkestingsmedlemmene har sin eigen fraksjon som vert kalla saman i framkant av utvalsmøta. Utfordringar er å engasjere medlemmene og lokallaga, og få inn innspel til rett tid, slik at det er mogleg for fylkestingsgruppa å ta det med i sitt arbeid. Dette meiner fylkesstyret vi bør ta større ansvar for og arbeide endå meir med.

Fylkesstyret vil rette ein stor takk til heile fylkestingsgruppa og ein ekstra takk til gruppeleiar **Marthe Hammer** som gjer ein formidabel innsats for oss. Ho profilerer SV godt utetter. Ho er god til å lytte og finne løysingar innerter.

26) Arbeidsplan for Vestland SV 2021–23

Fylkesstyret valde ei arbeidsplan-nemnd i desember som fekk arbeidet med å lage framlegg til arbeidsplan for 2022–23. Det vart slått fast at ein skulle halde på arbeidsplanstrukturen som vart laga for eitt år sidan, og at nemnda skulle gjere revisjon av den, då årsmøtet i 2021 vedtok arbeidsplan for perioden 2021–23. Framlegg til ny arbeidsplan vart lagt fram for fylkesstyret tidleg i januar 2022 og endeleg vedteken 3. februar.

Dei som gjorde nemndsarbeidet raskt og godt var:

Torunn Olsnes, leiar for nemnda, Bergen

Bjørn Kåre Engseth, Eidfjord

Ayla Tessem, Bergen

Tone Otterlei, Sunnfjord

SU vart spurt om å finna ein medlem, men dei fekk ikkje til å stille denne gongen.

27) Bok om Torolv Solheim

Fylkestyremedlem **Gaute Losnegård** er historikar og gav ut bok om ein av grunnleggjarane av SF, Torolv Solheim, i året som gjekk. Torolv Solheim budde fleire år i Stongfjorden i Askvoll. Boka heiter *Reisa til Moskva – historia om Torolv Solheim*. Gaute Losnegård vart invitert til landsstyremøtet i november der han fortalde om den tidlegare partileiaren. Vestland SV har kjøpt inn boka for å bruke den til gåve.

28) Samarbeid med SU

Vestland SV har eit godt samarbeid med Vestland SU. SU møter med ein representant i fylkesstyret og valnemnda, og har i tillegg delteke i fleire arbeidsgrupper og nemnder. Vestland SU arbeider sjølvstendig, og gjer ein viktig politisk innsats retta inn mot ungdom. Det har blitt halde to samarbeidsmøte, eitt i vår og eitt i haust, mellom Vestland SV og Vestland SU. I 2021 gjorde Vestland SU ein veldig god valkamp, etter at dei kom litt seint i gong med planlegginga. Dei tok att den tapte tida i rekordfart og skulevalkamp-resultata var veldig gode og oppløftande.

29) Økonomi

Slik det går fram av rekneskapen for 2021 har Vestland SV eit underskot på om lag 363 000 kroner. Dette er noko meir enn det budsjetterte underskotet på 260 000 kroner. I 2020 gjekk Vestland SV med eit overskot på 250 000 kroner, så det er heilt som det skal vere at vi brukar pengar i eit valkampår.

Vi har hatt eit overforbruk på om lag 800 000 kroner på stortingsvalkampen 2021. Det er både på grunn av 400 000 kroner meir i støtte enn budsjettert, og at Vestland SV fekk 140 000 kroner overført frå planlagde landsmøteutgifter. Utgiftene fordeler seg på begge valkrinsane. Dei store utgiftene har gått til frikjøp av kandidatar til å drive valkamp, tilsetting av innhaldsprodusent og annonsering.

Eigenkapitalen er per i dag om lag 1 600 000 kroner. Fylkesstyret meiner slik sett at det er rett av Vestland SV å setje inn pengar i valkampår.

Vi har også i år sendt ut påminning til folkevalde og andre i betalte verv om å betale partiskatt.

Dette er fyrste heile rekneskapen der det er fylkessekretær som fører rekneskapen. Det gjev eit meirarbeid på kontoret, men i løpet av året og valkampen var det særst godt å ha så god økonomisk oversyn som vi faktisk hadde. I løpet av året har vi gjennomført samarbeidsmøte med Vestland SU der økonomi har vore eit viktig emne.

Vi leiger eit rekneskapskontor til å ta seg av lønsutbetalingane. Vi ordnar det praktiske med lønsutbetalingane for Bergen SV og Vestland SU

30) Generell oppsummering av året

Arbeidsåret har vore prega av at det har vore stortingsvalår. Vi blinka tidleg ut målsetninga om å få to på Stortinget frå Hordaland. Det vart brukt vesentleg meir pengar i valkampen enn tidlegare – meir enn nokon gong før både i Sogn og Fjordane og Hordaland. Det kostar med lange frikjøp, men det er også slik at det blir meir aktiv valkamp av det.

Vi vurderer det slik at vi burde ha kome lenger med valkampgruppe og planlegging då nominasjonsmøtet i Hordaland var over. Det var god stemning i partiet gjennom valkampen og vi møtte også mykje velvilje frå veljarane. Dette var oppløftande, men det gav ikkje full utteljing på valdagen.

Fylkesstyret hadde ikkje ei eiga rolle gjennom valkampen, det var valkampgruppene som hadde den operative leiinga. Det gjorde oss meir effektive i og med vi skulle drive valkamp i to valkrinsar. Det var likevel slik at vi kunne ha kopla fylkesstyret tettare på arbeidet, og hatt nokre møtepunkt undervegs.

Også dette arbeidsåret har vore prega av pandemi. Fylkesårsmøtet var digitalt og svært mange av fylkesstyremøta har også vore det. Fylkesstyret meiner likevel at trass pandemi og store reiseavstandar får vi fylkeslaget til å henge saman og fungere på ein tenleg måte.